

Reglement for støtte til fiberutbygging i Bygland kommune.

Føremål

Føremålet med regelverket er å sikre at flest mogelege av Bygland kommune sine innbyggjarar får tilbod om breibandsliner basert på fiber heilt inn i huset.

Kven kan søke

Alle private fastbuande i Bygland kommune kan søke om anleggsbidrag etter dette reglementet.

Ein kan i særskilde høve opne opp for å gjeve tilskot til fritidsbustader/bustader utan fast busetnad i bygder kor det er få fast busette. Dette vil bli handsama som eiga sak i formannskapet.

Gardsbruk er inkludera i denne ordninga.

Næring kjem ikkje under denne ordninga. Næringsdrivande kan søke om tilskot til fiber som eiga nærings sak.

Kriterier for støtte

- Det må vere etablert eit formalisert samarbeid med ein tilbydar av breiband.
- Breibandslina som vert etablert i prosjektet skal vere basert på fiber heilt fram til den enkelte husstand.
- Total anleggskostnad pr husstand som skal koblast opp i prosjektet må overstige 20.000 kr inkludert eigeninnsats..
- Påkoblinga kjem i tillegg.

Størrelse på tilskot

- Tilskot kan gjevast med inntil 100 % av den kostnaden som overstig 20.000 kr pr husstand i prosjektet.
- Tilskotet vert gjeve med inntil kr 10.000,- pr husstand som vert kobla opp i prosjektet.
- Ein kan i særskilde høve auke tilskotet utover grensa på kr 10.000, dette blir handsama som eiga sak i formannskapet.


Satsar for eigenarbeid

- Oppgraving av grøft 50 kr/m
- Legging av kablar/røyr 10 kr/m
- Lukking av grøft og opprydding 25 kr/m.

Forklaring kostnadsfordeling

- Leverandør dekker normalt 15 000 kr til utbygginga (inkludert standard etableringsavgift frå kunden) – sjå blå søyle i diagram under.

- Kunden dekker sjølv 5 000 kr som eigeninnsats(arbeid eller kronebeløp) – sjå raud søyle under.
- Kunden kan søke kommunen om tilskot for kostnader som overstig 20 000 kr (leverandør + eigeninnsats) inntil 10 000 kr – sjå grøn søyle i diagram under.
- Om kostnadane overstig 30 000 kr (leverandør + eigeninnsats + maks ordinært tilskot), kan kunden søke om å få dekke desse ekstrautgiftene. I slike høve blir det handsama som eiga sak i formannskapet – sjå toppsøyla i diagram under.



Utbetaling av støttebeløp

- Støttebeløp vert utbetalt i samsvar med tilsegn om støtte etter konkrete søknadar.
- Beløpet vert utbetalt pr tilknytta husstand i høve til prosjektliste.